


HPV

Informasjon om
HPV-infeksjon
og vaksine

NYNORSK



**Gratis HPV-vaksine til deg som er ung kvinne
fødd i 1991 og seinare. Det er no det skjer!**

Det er **no** det skjer!

No får du som er ung kvinne tilbud om gratis HPV-vaksine for å verne deg mot livmorhalskreft. HPV smittar ved seksuell aktivitet og er svært vanleg. Vaksinen er tilrådd om du har hatt ingen, éin eller fleire seksualpartnarar.

Av alle seksuelt aktive blir 70 prosent smitta med humant papillomavirus (HPV), dei fleste i ung alder. I ei norsk undersøking hadde om lag 45 prosent av kvinner i 21-årsalderen ein pågåande HPV-infeksjon.

Dei fleste HPV-infeksjonar gir ingen symptom og går over av seg sjølv, men om

lag 10 prosent får ein langvarig infeksjon. Langvarig infeksjon med HPV kan gi livmorhalskreft.

Det finst mange ulike typar HPV. HPV-vaksine er eit vern mot to av de vanlegaste kreftframkallande HPV-typane. Det er tilrådd at du som er ung kvinne tek vaksinen, også om du har debutert seksuelt.

Vaksinasjonen består av tre dosar som blir gitt i løpet av 6-12 månader. Tilbodet om gratis vaksine varer i 2 år frå november 2016. Det vil seie at du bør ha begynt på vaksininga seinast innan utgangen av 2018.

Livmorhalskreft kjem av HPV

Livmorhalskreft kjem av langvarig HPV-infeksjon. Utvikling av livmorhalskreft kan ta mange år, men nesten halvparten av dei som får sjukdommen er yngre enn 45 år.

I Noreg er det kvart år:

- * 3 000 kvinner som må opererast for alvorlege celleforandringar i livmorhalsen. Mange er ganske unge.
- * 300 kvinner som får livmorhalskreft. Mange av dei som overlever får langvarige plager på grunn av kreftbehandlinga.

- * 70 kvinner som døyr av sjukdommen.

Ved alvorlege celleforandringar må ein del av livmorhalsen opererast bort for å hindre utvikling av kreft. Gravide som tidlegare har teke denne operasjonen har auka risiko for abort og for tidleg fødsel.



300

300 KVINNER FÅR LIVMORHALSKREFT KVART ÅR I NOREG

Meir om viruset HPV

Det finst mange ulike variantar av viruset HPV og dei har ulike eigenskapar. Somme er heilt ufarlege, medan andre kan føre til kreft.




Somme HPV-typar kan gi vanlege vorter og kjønnsvorter, medan andre kan føre til kreft i ulike organ.

Hos kvinner er livmorkreft vanlegast, men HPV kan òg føre til kreft i skjede, ytre kjønnsorgan, endetarm eller i svelg. Menn kan få kreft på grunn

av HPV-infeksjon i penis, endetarm og svelg.

Det er i praksis vanskelig å verne seg godt mot at HPV blir overført seksuelt. Kondom gir avgrensa vern fordi viruset også kan finnast på huden rundt kjønnsorgan som kondomet ikkje dekkjer.



Om HPV-vaksinen

- * HPV-vaksinen som blir tilbode unge kvinner, heiter Cervarix.
- * Legemiddelmyndighetene har godkjent vaksinen ut ifrå ei grundig vurdering av effekt og biverknader.
- * Vaksinen gir vern mot HPV 16 og 18 som er årsak til 70 prosent av alle tilfelle av livmorhalskreft.
- * Vaksinen kan òg gi delvis vern mot infeksjon med nokon andre HPV-typar (kryssvern).
- * Effekten er sannsynlegvis langvarig og varer kanskje heile livet. Så lenge dei første vaksinerte har blitt følgt opp (i ni år) er det ingen teikn til at vaksinen gir mindre vern.
- * Vaksinen kan takast av kvinner som har ein HPV-infeksjon, men kurerer ikkje ein pågåande infeksjon.
- * Det er ikkje tilrådd å teste for HPV-infeksjon før vaksinasjon.
- * Vaksinen gir ikkje vern mot kjønnsvorter.

HPV-VAKSINE ER OGSÅ FOR KVINNER SOM HAR DEBUTERT SEKSUELT

- * VAKSINEN GIR VERN MOT NY SMITTE HOS DEI SOM TIDLEGARE HAR HATT EIN HPV-INFESKJON.
- * VAKSINEN GIR VERN MOT TO HPV-TYPAR. DERSOM DU ER SMITTA MED ÉIN AV DESSE HPV-TYPANE, GIR VAKSINEN LIKEVEL VERN MOT DEN ANDRE.

Slik får du HPV-vaksine

- * Sjå informasjonen på nettsidene til kommunen der du bur for å finne ut kvar og når du kan få teke vaksinen.
- * Det er ikkje nødvendig å vere folkeregistrert i kommunen for å få vaksinen.
- * Tilbodet om gratis vaksine gjeld for alle unge kvinner

fødde i 1991 eller seinare og varer i to år.

- * Vaksinasjonen bør seinast vere begynt på innan utgangen av 2018.



VIKTIG

- * VAKSINEN BLIR SETT SOM SPRØYTE I OVERARMEN OG SKAL GIVAST TILSAMAN TRE GONGER. ANDRE DOSE FÅR DU MINST EIN MÅNAD ETTER DEN FØRSTE. SISTE DOSE FÅR DU MINST FEM MÅNADER ETTER ANDRE DOSE.
- * ER DU GRAVID SKAL DU IKKJE TA HPV-VAKSINE.

Registrering

Alle dosane du får blir registrert i det nasjonale vaksinasjonsregisteret **SYSVAK**.

Du kan kontrollere kva for vaksinar du har fått på nettenesta

Mine vaksinar:

www.helsenorge.no

Biverknader

Dei vanlegaste biverknadene av HPV-vaksinen som blir tilbode er kortvarige plager som:

- * At ein blir øm, raud og hoven i området på armen der vaksinen er sett. Dette er svært vanleg (meir enn 1 av 10 vaksinerte).
- * Hovudverk, trøytteleik eller muskelplager. Dette er svært vanleg (meir enn 1 av 10 vaksinerte).
- * Feber er vanleg (1–10 av 100 vaksinerte). Like ofte

kan det oppstå ledd-smerter, kløe, hudutslett, kvalme, oppkast/diaré eller magesmerter.

Somme opplever òg at dei blir svimle, at dei nesten-svimar av eller svimar av. Dette kjem vanlegvis av ubehag eller uro knytt til nålesticket. Fortel derfor den som vaksinere deg om du har svima av tidlegare i liknande situasjonar.

Alvorlege allergiske reaksjonar kan oppstå, men

det er sjeldan. Derfor må du vente på vaksinasjonsstaden i 20 minutt etter vaksinasjonen. Helsepersonell som vaksinere er budde på å handtere slike situasjonar.

Verken i Noreg eller internasjonalt er det dokumentert at HPV-vaksine har vore årsak til annan alvorleg sjukdom. Det har blitt stilt spørsmål om HPV-vaksinasjon kan setjast i samband med eit samansett symptombilet med


mellom anna rask puls, svimmelheit og trøytteleik. Dette er særleg registrert i Danmark. Symptombiletet ser ein òg blant ikkje-vaksinerte. Legemiddelmyndighetene har undersøkt dette nærare og har ikkje funne noko som tyder på at desse symptoma kjem av vaksinen.

Symptom som oppstår etter vaksinasjon treng ikkje vere ein reaksjon på vaksinen, men kan vere teikn på sjukdom som bør behandlast. Kontakt derfor lege om du er uroleg.

Dersom nokon opplever alvorlege eller uventa symptom etter vaksinasjonen, bør dei også kontakte helsepersonell for å få meldt dette til legemiddelmyndighetene. Mistanke om biverknad kan òg meldast av privatpersonar direkte via Legemiddelverket sine nettsider, men det gir ikkje like gode moglegheiter for å følge opp meldingane.

Meir om biverknader og melderutinar finn du på: www.slv.no og www.fhi.no.

Også dei som har teke HPV-vaksine bør gå til regelmessig livmorhalsundersøking



Livmorhalsprogrammet (celleprøve frå livmorhalsen) er eit tilbod til alle norske kvinner frå 25-års alder om undersøking av livmorhalsen kvart 3. år. Føremålet er å oppdage kreft eller forstadium til kreft så tidleg som mogeleg. Det er viktig at også vaksinerte følgjer Livmorhalsprogrammet, fordi HPV-

vaksinen ikkje gir vern mot alle kreftframkallande HPV-typar. Det beste vernet mot livmorhalskreft får dei som både lèt seg vaksinere og tek del i Livmorhalsprogrammet.

Verdt å merkje seg

- * Du finn opplysningar om kvar og når du kan få HPV-vaksine på nettsida til kommunen du bur i.
- * HPV-vaksinasjonen består av tre dosar. Andre dose får du minst ein måned etter den første. Siste dose får du minst fem månader etter andre dose.
- * Vaksinen er tilrådd til unge kvinner anten dei har hatt ingen, éin eller fleire seksualpartnarar.
- * HPV-vaksine skal ikkje takast av gravide.
- * HPV-vaksine gir ikkje vern mot andre seksuelt overførbare sjukdommar. Kondom er derfor viktig også for dei som har fått HPV-vaksine.
- * Det beste vernet mot livmorhalskreft får dei som

både tek HPV-vaksine og tek del i Livmorhalsprogrammet (celleprøve frå livmorhalsen).

Du finn meir informasjon på Folkehelseinstituttet si nettside www.fhi.no/hpv

HPV $\frac{2016}{2018}$

HPV-vaksine til unge kvinner



Utgitt av Folkehelseinstituttet oktober 2016

Opplag: 20 000 **Design:** Fetetyper.no **Trykk:** wj.no **Oversatt av:** Semantix
Bestilling: publikasjon@fhi.no – oppgi målform (bokmål/nynorsk) **Tlf:** 21 07 82 00

Folkehelseinstituttet
Postboks 4404 Nydalen, 0403 Oslo